

Lokalt samhandlingsutval for Volda sjukehusområde

Møtereferat

Møte: Møte nr. 1-2018 i Lokalt samhandlingsutval (LSU) for Volda sjukehusområde

Dato: 13. april 2018

Stad: Ulsteinvik, Halsekerdalen 20

Møtetid: kl. 10.00-14.00

Til stades:

Frå Lokalt samhandlingsutval for Volda sjukehusområde:

Hareid kommune ved kommunalsjef i Hareid kommune Berit Aasen

Herøy kommune ved kommuneoverlege Torill Myklebust

Ulstein kommune ved fagkoordinator psyk. helse og rus Silje Kleven Eriksen

Sande kommune ved leiar heimetenester Kari Johanne Skarmyr

Vanylven kommune ved kommunalsjef Arnhild Nordaune

Volda kommune: einingsleiar førebygging, rehab. og legeteneste Mona Kile

Volda sjukehus ved praksiskonsulent Stian Endresen

Ørsta kommune ved stableiar tildeling og koordinering Oddvar Marøy

HMR - Volda sjukehus ved avdelingssjef medisinsk avdeling Mona Ryste

HMR – Seksjonsleiar DPS Volda Grete Ryste Flåskjer

HMR - Volda sjukehus ved sjukehuskoordinator Knut Nautvik

Brukarutvalet ved Asbjørn Ringdal Gausdal

Andre:

Rådgivar Lena Bjørge Waage i Seksjon for samhandling i HMR HF

Kommuneoverlege Arne Gotteberg i Volda kommune og Ørsta kommune (sak 1/2018)

Helse- og omsorgssjef Svein Berg Rusten i Ørsta kommune (sak 1/2018)

Kommunalsjef Renate Rossi Kaldhol i Herøy kommune (sak 1/2018)

Kommunalsjef Marit Botnen i Ulstein kommune (sak 1/2018)

Seksjonsleiar Inger Liadal i Ørsta kommune (sak 1/2018)

Forfall:

Sande kommune ved leiar Sandetun Wenche Torseth

HMR – Volda sjukehus ved seksjonsleiar DPS Hallgrim Myklebust

Møteleiar:

Leiar i Lokalt samhandlingsutval for Volda sjukehusområde Oddvar Marøy

Referent: Sunnmøre Regionråd ved rådgivar Vegard Austnes

Lokalt samhandlingsutval for Volda sjukehusområde

Sak 1/2018: Felles møte med Sjustjerna med tema samarbeid framover kl. 10.00-11.30.

Leiar for LSU Volda sjukehusområde Oddvar Marøy hadde teke initiativ til felles møte. Bakgrunnen var at LSU og Sjustjerna helse og omsorg langt på veg arbeider med dei same oppgåvene og fleire personar (4) deltek begge stader. Tema for møtet var dialog om korleis ein kan gjere oppgåvene på ein enklare måte og unngå overlapping.

Nettverket i Sjustjerna er veldig godt fungerande, og har vore modell for dei andre sjukehusområda i etableringa av lokale samhandlingsutval. I Sjustjerna er kommunane avhengige av kvarande for å få til gode tiltak.

Det vart reflektert over kva som fungerer: Bør ein gå tilbake til eit felles samhandlingsutval for heile Sunnmøre? Erfaringa var at felles samhandlingsutval for heile Sunnmøre ikkje fungerte betre enn slik det er no. Eit argument for å tenkje felles utval på Sunnmøre var imidlertid behov for samarbeid med Ålesund sjukehus.

Det kom forslag om å ha to felles møter i året mellom LSU og Sjustjerna. Ei formell utfordring er at det berre er 7 representantar frå kommunane i LSU, medan det er 14 representantar frå kommunane i Sjustjerna.

Ei løysing kan vere at 7 representantar frå Sjustjerna deltek i LSU, vidare at HMR HF stiller med ein representant frå kvar av dei 6 klinikkane (barneklirikken er ikkje representert i LSU Volda sjukehusområde slik det er i dag). Øvrige 7 representantar frå Sjustjerna kan ha observatørstatus i felles møter med LSU Volda sjukehusområde.

Representasjonen frå kommunesida er i dag forskjellig, og det er viktig at dei «rette» frå kommuneadministrasjonen møter. Ein kan eventuelt dele opp møta, slik at ein har separate deler for Sjustjerna og helseforetaket. Kommunane har behov for å møte klinikkane 2 gonger per år.

Konklusjon var at det er behov for å snakke meir om temaet ved seinare høve. Både LSU og sjustjernenettverket drøftar kvar for seg og kjem med forslag til tenleg representasjon frå både kommunane og Volda sjukehus inkl. andre aktuelle klinikkar. Ved rullering av representasjon til LSU, nytt val med verknad frå 2019, kan justeringar tilpassast resultat av evalueringar av representasjon til LSU.

Både kommunane og Helseforetaket bør ha ein gjennomgang og evaluering av utvalsstrukturen som har vore utprøvd siste åra.

Marøy sin presentasjon følgjer vedlagt.

Lokalt samhandlingsutval for Volda sjukehusområde

Innleiing til temaet revisjon av samhandlingsavtalen. Rådgivar Lena Bjørge Waage i Seksjon for samhandling i Helse Møre og Romsdal HF heldt ei innleiing til temaet. Presentasjonen hennar følgjer vedlagt.

Waage viste til at intensjonen er å få ein god samhandlingsavtale som støttar samhandlinga. Det er viktig å få med dei som sit i dei kliniske utvala som bidragsytarar i forhandlingane, elles blir det eit kunnskapsgap. Ho nemnte at St. Olavs hospital har forenkla avtaleverket og oppretta eit fagråd til kvar enkelt retningslinje. Oppnemninga til forhandlingsutvalet er ikkje ferdig frå helseføretaket si side.

Det står att spørsmål knytt til kven som skal halde i prosessen og kven som skal vere sekretariat (det er ikkje gitt at det er samhandlingsavdelinga i HMR HF som skal vere det).

Frå samhandlingutvalet vart det kommentert at den juridiske delen av avtaleverket må vere synleg i revidert avtale.

Samarbeid om ACT-team var sak på møtet i Sjustjerna, men sidan fleire av deltakarane i Sjustjerna skulle vere med vidare på møtet i LSU etter lunsj, tok ein denne saka inn i fellesmøtet (sjå sak 10 nedanfor).

Sak 2/2018: Velkomen til møtet i Lokalt samhandlingsutval for Volda sjukehusområde.

Godkjenning av innkallinga. Saker til eventuelt. Ved leiar for Lokalt samhandlingsutval for Volda sjukehusområde Oddvar Marøy

Møteinnkallinga vart godkjend. Det var ingen saker til eventuelt.

Sak 3/2018: Godkjenning av referat frå forrige møte (28.11.2017). Ved leiar for Lokalt samhandlingsutval for Volda sjukehusområde Oddvar Marøy

Referatet frå forrige møte vart godkjend. Det var ein merknad til at det ikkje hadde følgd med vedlegg til referatet frå førre møte.

Sak 4/2018: Gjennomgang av avviksmeldingane for 2017. Ved rådgivar Lena Bjørge Waage i Seksjon for samhandling i Helse Møre og Romsdal HF

Føremålet med avviksrapporteringa er læring og forbetring. Det finst rapportar for 2015, 2016 og 2017. Avvika vert handsama i kvalitetssystemet (EQS).

1103 avvik i Helse Møre og Romsdal og 65 avvik i kommunane vart meldt i 2017. Kategoriane er epikrisehandtering, informasjonsutveksling og e-meldingsflyten i pleie- og omsorgsmeldingane.

Det vart kommentert at meldingsflyten ikkje er god i alle pasientgrupper, at ikkje alle

Lokalt samhandlingsutval for Volda sjukehusområde

avviksmeldingane har pasientverdi, og at ein må kome seg frå avviksmelding til rettleiing.

Det kom forslag om at ein bør setje seg saman og drøfte meldingane og sjå på korleis ein kan få til eit betre samarbeid. Det vart sagt at det kan vere tøft for tilsette som får avvik på seg, og at det er behov for å ivareta dei.

Mona Ryste kom med forslag om at Ørsta kommune kan invitere helseføretaket (ved medisinsk avdeling ved Volda sjukehus) for å presentere nye bygg og tilbod (ø-hjelpsplassar) i kommunen (med gjenvissitt seinare). Helseføretaket har vore på besøk i Ulstein, Herøy og Sande, og ønskjer liknande møter med dei andre kommunane.

Waage sin presentasjon følgjer vedlagt.

Sak 5/2018: Gjennomgang med status og oppfølging av ulike samhandlingsprosjekt, særleg fokusområda i samhandlingsstrategien. Ved rådgivar Lena Bjørge Waage i Seksjon for samhandling i Helse Møre og Romsdal HF

For samhandlingsprosjekta er det utarbeidd [handlingsplanar](#) som ligg på heimesida til Helse Møre og Romsdal.

Sak om justering av [samhandlingsstrategien](#) skal til Overordna samhandlingsutval 23. mai.

Waage sin presentasjon følgjer vedlagt.

Sak 6/2018: Felles fagdag i geriatri på Søre Sunnmøre. Ved avdelingssjef medisinsk avdeling Volda sjukehus Mona Ryste

Ei gruppe har hatt dialog om aktuelle tema, mellom desse KOLS, kvardagsrehabilitering, ernæring, legemiddelavstemming og hjarte- og lungesjukdom. Sjustjerna helse og omsorg tek stilling til tidspunkt for fagdagen.

Sak 7/2018: Utviklingsplan for Helse Møre og Romsdal HF i planperioden 2019-2022 og framtidsutsikter mot 2035. Ved rådgivar Lena Bjørge Waage i Seksjon for samhandling i Helse Møre og Romsdal HF

I [utviklingsplanen](#) er det valt ut strategiske retningar. Utviklingsplanen er avlevert Helse Midt-Norge. Ein skal vidare gå frå strategi til operasjonisering.

Det vart sagt at det er høg utnyttingsgrad på sengene på kirurgi og medisin ved sjukehuset i Volda, og at det er behov for samarbeid med Ålesund sjukehus. Færre utskrivingsklare pasientar ved Ålesund sjukehus vil frigjere kapasitet samla sett.

Lokalt samhandlingsutval for Volda sjukehusområde

Waage sin presentasjon følgjer vedlagt.

Sak 8/2018: Satsinga på pasientforløp for den eldre multisjuka pasient

Ved rådgivar Lena Bjørge Waage i Seksjon for samhandling i Helse Møre og Romsdal HF

Waage sin presentasjon følgjer vedlagt. Saka gjekk ut av tidsomsyn.

Sak 9/2018: Møteplan 2018

Ved leiar for Lokalt samhandlingsutval for Volda sjukehusområde Oddvar Marøy

Jf. delavtale 12 til samhandlingsavtalen skal det minimum vere 2 møter per år. Møte nr. 2-2018 er beramma til 26. oktober 2018.

Konklusjonen vart at ein berammer eit møte til ved behov. Det vart sagt at det er viktig at også kommunane melder saker til møta. Ein treng saker til diskusjon, ikkje berre saker til orientering.

Sak 10/2018: Samarbeid om ACT-team

ACT-team er ein måte å organisere arbeidet med rus og psykisk helsearbeid. Om utprøving av ACT-team kan ein lese [her](#) (dokumentet følgjer også vedlagt). Det vert arbeidd med felles retningslinjer om ACT-team i Sjustjerna. Sentrale område gjeld heimling av vedtak og betaling.

Konklusjonen vart at ein kallar inn seksjonsleiar Jo Volle i HMR HF til neste møte i Sjustjerna.

Lokalt samhandlingsutval for Volda sjukehusområde

Kopi til:

Oppnemnde vararepresentantar:

Hareid kommune: einingsleiar heimebasert Unni Bergdal

Herøy kommune: avdelingsleiar Gry-Dragsund Vike

Sande kommune: leiar heimetenester Kari Johanne Skarmyr

Ulstein kommune: avdelingsleiar leiar Gunn Sætre

Vanylven kommune: avdelingsleiar Eli Tefre Nordal

Volda kommune ved einingsleiar heimetenester Astrid Dimmen

Ørsta kommune: rådgjevar tildelingskontor Wenche Flo

Brukarutvalet: Jakob Strand

Andre:

Helse Møre og Romsdal HF: Seksjonsleiar DPS Volda Grete Ryste Flåskjer

Sjusstjerna helse og omsorg:

Koordinator Gro Anette Frøystad Voldsund, fagutviklingssjukepleiar i Herøy kommune

Seksjon for samhandling i Helse Møre og Romsdal HF:

Samhandlingssjef Britt Valderhaug Tyrholm

Rådgivar Lena Bjørge Waage